



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune

4 FEB 2015

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2014/089384-006

Dykkar referanse:

Vår dato:
02.02.2015

Omklassifisering - Del av fv. 7 - Haukanesberget - Granvin herad

Statens vegvesen er i gang med omlegging av fv. 7 frå dagens trasé til tunnel gjennom Haukanesberget i Granvin herad. I den samanheng er sak om omklassifisering av nåværande trase som ikkje skal gå i tunnel teken opp til behandling.

I planomtalen, som var til offentlig høyring i samband med planhandsaminga, vart det beskrive at både biltrafikk og sykkeltrafikk skal gå gjennom ny tunnel og at det ikkje var grunnlag for å oppretthalda gamal veg som offentlig veg på utsida av tunnelen. Ein føreset forsterka tunnelys og kvitmalte veggjar. Vegen vil berre få tilkomst frå vest (Folkedal).

Statens vegvesen vil i medhald av veglova § 7 tilrå at deler av fylkesveg 7 vert nedlagt som offentlig veg. Nedlagt offentlig veg medfører overføring til private veg. Vedlagt ligg kartskisse som viser den del av vegen som vert overført til privat veg.

Det overordna målet med prosjektet er rassikring. Gjennom å byggja tunnel vil ein betre tryggleiken for fastbuande (inkl. skulebarn) og næringsliv. Ein kan forvente reduserte kostnader i samband med ulukker og opprydding etter ras. I tillegg vil ein i større grad unngå vegstenging på strekninga, noko som gir betre framkomelegheit.

Det vert vidare vist til reguleringsplan *Fv.7 Haukanesberget*, vedteken 13.02.2013 og reguleringsføresegnene § 3. SAMFERDSELSANLEGG OG VIKTIG INFRASTRUKTUR (PBL. §12-5, nr.2): 3.1 Køyreveg

«KV-2 Felles køyreveg for eigedomane gnr/bnr 126/1, 126/28, 126/29,126/9, 126/7, 126/2, 126/3,125/1og 124/1.»

Det er Hordaland fylkeskommune som gjer vedtak i saka. I samsvar med veglova § 7 andre ledd skal kommunen uttale seg i saken før endelig vedtak blir gjort. Granvin herad stilte seg positive til forslaget i skriv datert 15.01.2015.

Hordaland fylkeskommune vil også vera part i den private vegen, då det vert behov for tilkomst til tunnelen sitt tekniske bygg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Vi legg med dette fram følgjande forslag til statusendring:

- Del av fylkesveg 7, hp 11 km 5,710 – 7,240 mellom Haukanes og Folkedal, lengde km 1,530 vert nedklassifisert til privat veg og overdrege til grunneigarar vederlagsfritt.
- Statusendringa vil skje frå det tidspunkt det vert sett trafikk på ny fv. 7 gjennom tunnelen og krav i NA- rundskriv 97/13 (*Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiseres eller legges ned – veglovens § 7*) er gjennomført.

Vi ber om at kopi av vedtaket vert sendt til Statens vegvesen. Dette grunna etterarbeid i saka,

Plan og forvaltning Voss og Hardanger
Med helsing



Carl Erik Nielsen
seksjonssjef



Per Steinar Nedkvitne

Vedlegg: Kartutsnitt , datert 21.07.2014
Uttale frå Granvin herad, datert 15.01.2015